

**Fra:** Atle Jåstad (Atle.Jastad@nsd.uib.no)

**Sendt:** 20.10.2015 12:13:28

**Til:** Berit Nyland; skolevalg@nsd.uib.no; Marit Dorothea Bjørnstad

**Kopi:**

**Emne:** Re: Politisk skuleval

**Vedlegg:** ATT00001.jpg;fylke12.doc

Hei

Ja, me tilrår den tradisjonelle måten med papirsetlar, urne og manuell teljing, heretter kalla papirval.  
Lat meg no ta ein kort gjennomgang av våre argument:

1. Papirval opnar for meir elevaktivitet. Me ser for oss at elevane skal vera valfunksjonærar under gjennomføringa: Dei skal vera med på å setja opp vallokalet, dei skal laga manntal over elevane, dei skal syta for at elvane går åleine inn i valvlukket, at avlukka inneheld rette setlar, dei skal stempla setlane og kryssa ut elevane frå manntalet. Etterpå skal dei vera med på å telja opp resultatet. val.

Om det i praksis er slik, veit eg ikkje. Truleg varierer det mykje frå skule til skule.

2. Papirval liknar meir på eit ekte val. Dette er eit viktig moment, sidan formålet med skulevalet er å gjera elevane kjende med korleis prosedyrane virkar i praksis. Etter å ha vore med på skuleval, kan ikkje elevane lenger seia: "Eg gidd ikkje røysta fordi eg veit ikkje korleis eg skal oppføra meg i eit vallokale", og dei som har vore valfunksjonærar i skuleval, skal ha tileigna seg kunnskap til bruk i eit ekte vallokale.

3. Skulane kan lasta ned røystesetlar til bruk i skulevalet frå sida til skulen på Samfunnsveven. For å forenkla, opererer me berre med partival - skuleval er ikkje personval. Difor er det ikkje naudsynt for skulane å bruka ekte setlar, men mange ynskjer å gjera det fordi det gjev eit meir ekte inntrykk. Vedlegget inneheld listene for Hordaland i 2015. Som du ser: skulen må kopiera dette dokumentet og klippa setlane opp. Også eit typisk elevarbeid. Ei side papir gjev fire røystesetlar.

Dei neste argumenta tek utgangspunkt i vår løysing for elektronisk skuleval. Difor er det naudsynt med nokre liner om råmene for denne applikasjonen. Me kan ikkje utvikla ei løysing som inneber ekstra utgifter for skulane, dei må kunna bruka eige teknisk utstyr og programvare. Løysinga må vera så enkel å administrera at den ikkje treng særleg teknisk kompetanse.

4. Vår løysing for elektronisk val inneber at vallokalet må setjast opp på ein annan måte, valfunkjsonærane får litt andre oppgåver i vallokalet, avkryssinga i manntalet blir litt annleis og oppteljinga skjer automatisk. Elevaktiviteten blir såleis annleis og mindre reell enn ved papirval.

5. Krava til kostander og enkel administrasjon gjer at vår løysing for elektronisk skuleval aldri ville ha kunna blitt brukt i eit ekte val: Det er for lett å juksa, den er sårbar for tekniske feil, og tryggleiksrutinane er mindre strenge og mindre realistiske. (Me freista fyrst ei tryggare løysing, men den blei for vanskeleg for lærarane å administrera. Dei måtte fylgja ei oppskrift til punkt og prikke, elles blei det problem. Våre røynsler viser at lærarar ikkje er særleg gode til å lesa oppskrifter.)

6. Eit ekstra punkt om teknikken. Ved papirval har skulen kontroll på alle sider av valet. Berre sjølv rapporteringa, er avhengig av at teknikken fungerer. I verste fall kan ein måtta venta til neste dag for å få registrert resultatet hjå oss, men resultatet vil ikkje gå tapt. Elektronisk skuleval er avhengig av at teknikken fungerer på skulen (maskiner, nettverksproblem, straum, tilgang til Internett, hakeråtak) og at det fungerer hjå oss (same leksa om att). E-val innfører difor ei rekke variablar som kan setja sjølv resultatet i fare.

Beste helsing  
Atle J.

Berit Nyland skrev den 20.10.2015 10:32:

Vi prøver å finne ut av hvorfor det anbefales at politisk skolevalg bør gjennomføres i urneform og ikke elektronisk. Vet at oppfordringen kom fra Udir (og NSD?) i år. Vi stiller oss undrende til at den elektroniske løsningen ikke er mer utbredt, spesielt siden de av skolene våre som stemmer elektronisk er godt fornøyd med denne løsningen. Vi vurderer å rette en forespørrelse til Udir med henstilling om å gå over til en elektronisk valgform siden det går uforholdsmessig store ressurser med til trykking, pakking og utsending av sedler i tillegg til at regnskogen ryker med. Store mengder blir dessuten kastet etter valget siden de fleste skolene som oftest bestiller noen ekstra for sikkerhets skyld Har NSD noe synspunkt her?

Mvh,

**Berit Nyland**

*Seniorrådgiver*

*Pedagogisk seksjon/ Opplæringsavdelinga*



*Agnes Mowinckels gt 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen  
Tlf.: 55 23 92 36 [berit.nyland@hfk.no](mailto:berit.nyland@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)*